

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 16.09.2020

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering gav slikt svar:

«Representant Knut Inge Andersen har sendt inn følgjande spørsmål som han ønskjer svar på i møte i Hovudutval for kultur, idrett og integrering 16. september:

«Natur- og landskapsvern er den seinare tida vorte særleg aktualisert gjennom vindkraftutbyggingsprosjekta. Diverre kjem verneinteressene ofte for seint på banen i høve til dei formelle planprosessane og bindande vedtak.

Dreg ein frå Sunnfjord til Nordfjord passerer ein gjennom Våtedalen. Våtedalen ligg delt mellom Sunnfjord og Gloppen kommune. Alle som køyrer gjennom dette dalføret vert imponert av den særmerkte naturen, med fjella og elva som sentrale element. Våtedalen ligg rett vest for Jostedalsbreen nasjonalpark. Landskapet er eit kulturlandskap i aktiv bruk.

Det er under planlegging ny snørassikker vegtrase gjennom Våtedalen, delvis i tunnel og delvis i ope terreng. Dette vil kunne innebære store negative landskapsmessige inngrep. Planane er enno på eit stadium der ein ikkje har låst seg til ei bestemt traseløysing.

Det eksisterer ei rekkje mogelegheiter for å verne områder, alt frå tildeling av status som aktive/utvalde kulturlandskap i jordbruket, til klassifisering som definert verneområde og vidare heilt opp til nasjonalparkstatus. Dei fleste av desse prosessane går i regi av kommunane i samarbeid med fylkesmannen.

Er leiar for Hovudutval kultur einig i at ein til neste møte i utvalet (oktober 2020) ber administrasjonen leggje fram slike alternativ slik at ein etter ei politisk handsaming vil kunne oversende eit brev frå utvalet til kommunane Sunnfjord og Gloppen, der ein ber kommunane i fellesskap sjå på alternative, mogelege verneløysingar for Våtedalen?»

Svar:

Fylkeskommunen si rolle i arealplansaker er at vi deltek i den formelle planprosessen og gir høyringsinnspel frå dei aktuelle fagområda fylkeskommunen forvaltar. Dette kan til dømes gjelde både kollektiv, veg, landskap og kulturminne. Det er kommunen som er mynde etter plan- og bygningslova og det er tiltakshavar si rolle å greie ut alternative løysingar, eventuelt etter krav frå rette mynde. Er kommunen sitt framlegget til arealplan i konflikt med regionale eller nasjonale interesser kan fylkeskommunen reise motsegn til planen. I Vestland fylkeskommune sitt delegeringsreglement er motsegnsmynde lagt til Fylkesutvalet for saker av prinsipiell karakter.

I høve den konkrete kulturminnefaglege vurderinga av Våtedalen er denne ikkje vurdert å vere eit av dei 21 kulturhistoriske landskapa (KULA) i Sogn og Fjordane av nasjonal interesse.»